

Saksnr: 2021/43927-2  
Saksbehandlarar Linn Kathrin Bakke, Even  
Dato: Vaular  
26.09.2021

---

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

Frå: Avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

---


### Bruprosjekt på fv. 611 Hovlandsvegen i Eikefjord, Kinn kommune

Kinn kommune ved ordførar Ola Teigen, har i e-post dagsett 19. august 2021 retta ein førespurnad til Vestland fylkeskommune i samband med ei planlagt utbyting av tre kortare bruer på fv. 611 Hovlandsvegen i Eikefjord. På vegner av kommunen ber Teigen om at e-posten vert lagt føre hovudutvalet. E-posten finn de som vedlegg til dette notatet.

Bruprosjektet i Eikefjord går ut på å bygga to nye bruer som erstatning for dagens tre, som mellombels er forsterka med trestøtter under for å sikra tilfredsstillande bereevne. I årrets investeringsbudsjett ligg det inne 40 mill. kr. til prosjektet, men prosjektet må skyvast på til 2022. Gamle Flora kommune (no del av Kinn) utarbeidde ein reguleringsplan for den aktuelle vegstrekninga, med gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og fram til krysset ved rv. 5. Det har difor vore eit ønske å få etablert gang- og sykkelveg frå bruene og ned til Eikefjord skule i samband med bruprosjektet. Bruene vert bygd opp i tråd med reguleringsplanen og tilpassa eksisterande veg og eit framtidig gang- og sykkeltilbod, men det ligg ikkje midlar inne til etablering av gang- og sykkelveg.



Figur 1: Oversiktskart. Dei aktuelle bruene på fv. 611 Hovlandsvegen kryssar Kleivaelva like nordvest for Eikefjord.



*Figur 2: Utklipp fra reguleringsplan. Gang- og sykkeltilbodet er det lyserosa arealet på sørsida av fylkesvegen.*

### Om strekninga

Frå bruhaugen ved Eikefjord skule til starten på fortau ved Eikefjord skule, er fv. 611 relativt rett og oversiktleg utan høg- eller lågbrekk. Gjeldande fartsgrense er 50 km/t, medan ÅDT er 900. På det smalaste er vegen ut frå enkle målingar i kart om lag 5 meter. Strekninga har veglys. Det er i hovudsak fjellskjering på nordsida av vegen, og rekkverk eller fjellknaus mot sjø på sørsida. Strekninga er ein del av skulevegen for dei som bur vest for Eikefjord skule, samt vegen til idrettsanlegg for dei som bur i sentrum av Eikefjord og austover. Det er ikkje registrert nokon ulukker her dei siste ti åra. Som nemnt går det blant anna tømmertransport på fv. 611, og det er vegbana som er tilbodet for gåande og syklande her.

### Vurdering av trafikktryggleiken

Det er forståeleg at det vert opplevd som ubehageleg å gå på fv. 611 på nemnde strekning, spesielt dersom ein som mjuk trafikant vert passert av eit større køyretøy. Likevel er strekninga frå Hovland inner til fortau i aust oversiktleg, då det er god sikt for dei køyrande i tillegg til veglys når det er mørkt. Dette gjer det enklare å oppdaga mjuke trafikantar på strekninga tidleg, og dei køyrande får moglegheit til å senka farta før dei passerer dei mjuke trafikantane. God sikt er òg ein fordel ved kryssing av vegen, slik at kryssande kan sjå køyretøy på god avstand. I tillegg kjem ein inn/ut av fartsgrense 30 km/t om lag ved enden på fortauen, slik at farta truleg er noko lågare ved inn/utgangen av denne fartsgrensa. Ved rehabilitering av bruene vil overgangen mellom område utan gang- og sykkelveg og bruene verta tilpassa på ein akseptabel måte, med fokus på blant anna sikt mot eventuelle kryssingspunkt.

Med utgangspunkt i nemnde forhold, er vurderinga at vegen mellom Hovland inner og fortau i aust på fv. 611 er ein av dei mindre utsette stadane på strekninga mellom skulen og krysset med rv.5.

### Førespurnad frå Kinn om enklare tiltak

I e-posten frå Kinn kommune ber dei, saman med Eikefjord grändalag, om at strekninga på fv. 611 mellom bruhaugen ved Eikefjord skule og fortau i aust vil krevje blant anna sprenging for å fjerne ein fjellknaus, fylling i sjø og etablering av grøft. Det er ikkje rekna på skilnaden i kostnadane mellom den ønskte, enklare løysinga, og utbygging av ei fullverdig gang- og sykkeløysing på den aktuelle strekninga. Det er likevel grunn til å tru at det ikkje er mykje pengar å spa. Vert strekninga planert, er det risiko for å hamna i sjøen og naudsynt å gjennomføra tiltak. Ei halvveis løysing kan også gjera det utfordrande å sikra fullgod drift og vedlikehald.

### Prioritering av gang- og sykkeltilbod i Vestland

Så langt har ikkje regulert gang- og sykkelveg på fv. 611 frå Eikefjord skule til krysset med rv. 5 nådd opp i våre prioriteringar. Tiltaket er kostbart og det er relativt spreidd busetnad i området. Dei

langsiktige prioriteringane av større gang- og sykkelprosjekt i Vestland må gjerast samla og i tråd med målsettingar i Regional transportplan og Strategi for mjuke trafikantar. Avdelingsdirektøren vil i løpet av våren 2022 koma attende til politisk nivå med framlegg til ei prioritert liste over gang- og sykkelprosjekt i Vestland fylke.

**Vedlegg**

1 Bruer Hovlandsvegen - Eikefjord